

Intervju med Tove Giske, nyvalgt visepresident i NCFI.

I forbindelse med verdenskongressen til NCFI i september i år vart det valgt nytt verdensstyre. Barbara White fra USA vart ny president og Tove vart visepresident.

Tove har lang og god erfaring fra arbeid både i KFSS og NCFI. På første landskonferansen i 1983 vart ho valgt inn i styret i KFSS. Fra 1985 til 1989 var ho leder for KFSS og nestleder fra 1989-1991. Fra 1986-1994 var Tove med i europakomiteen og leder der fra 1990-1994. Tove har også erfaring fra verdensstyret då ho var Europa sin representant fra 2000-2004 i Standing Comitee. I tillegg har ho vært redaktør for Medlemsmeldingen og Tidsskrift for fag og tru sidan 1996.

Kvifor sa du ja til å stille i verdensstyret?

Det er spennende å være med internasjonalt. Der er mange positive ting på gang, og vekst i sjukepleiertjenesten. Eg har fått mykje gjennom arbeidet i NCFI og vil gjerne gi noko tilbake.

Kan du fortelle litt om det arbeidet verdensstyret gjer?

Eit verdensstyre er naudsynt for å sy saman eit verdensomspanande arbeid. Dei valgte representantane er tillitspersonar og ein link mellom regionane og NCFI sentralt. Verdensstyret har eit spesielt ansvar for å jobbe ut mot regionane. Ved å stå saman står vi sterkere og vi kan dele ressursar som idear, materiell og personar på tvers av arbeidet. Gjennom å møtast i verdensstyret får ein innsikt i sjukepleiertjenesten fra alle regionane. Denne kunnskapen bærer den enkelte representanten med seg inn i styret. Gode faglege diskusjoner kjem som resultat av dette. NCFI ynskjer dessutan å utvikle sjukepleieleiarar. I år starta

nøkkelpersonar i verdensstyret eit ledertreningsprogram i Nigeria som Tove og Torbjørg Søyland Hopen deltok på. Dette har regionane eit spesielt ansvar for å følge opp. Europakonferansen i Romania 2010 vil byrje med eit ledertreningskurs som fortsettelse på det som vart starta i Nigeria i år.

Verdensstyret er også i gang med å lansere Caring -prosjekt. Det betyr at NCFI vil være med på å rette søkelyset på behovet for omsorg for dei som yter omsorg. Det innebærer for eksempel at ein tek spesielt ansvar for mindre ressurssterke land, som Norge har i Romania og Latvia. Det handlar om å løfte blikket og ikkje alltid være seg skjølv nok. NCFI ynskjer at kristne sjukepleiarar skal vere ei kristen stemme inn i faget og tilby eit felleskap der ein kan finne støtte, motivasjon og inspirasjon. Det medfører også å forsøke å utruste sjukepleiarar til å utøve åndelig omsorg.


Kva slags arbeid vil dette nye vervet medføre for deg?

Å vere visepresident betyr å ha hovedansvar for neste verdenskongressen. Det vil nok betyr ein god del arbeid når neste verdenskongressen i 2012 nærmer seg. Konferansen skal haldast i Sør Amerika. Eg vil jobbe saman med verdensstyret og særleg nøkkelpersoner i den regionen og NCFI administrator David Parfit.

Eg har ein del erfaring med å organisere konferansar, om enn ikkje i denne størrelsen. I Norge er vi rimeleg stukturerte og gode på dette. Så må eg nok lære meg litt spansk, det er eg rimeleg blank på. For å kunne ta på meg eit slikt verv er det også viktig for meg med støtte frå KFSS, og det føler eg at eg får.

Kor ofte samles verdensstyret? Kvar skal de møtast neste gong?

Executiv comitee, dvs ein fra kvar region, møtast om lag ein gong i året. Kvar det blir er enda ikkje bestemt. Å samle styremedlemer frå heile verden er dyrt, så derfor vil vi regelmessig ha møter via skype.



NCFI International Board 2008 - 2012

Kva gir deg inspirasjon og motivasjon til arbeidet?

Det er veldig kjekt og lærerikt å møte kristne sjukepleiarar frå heile verden!. I møte med andre ser eg klarare både kva KFSS og eg kan og kva vi treng å lære og utvikle. Å være med i KFSS og NCFI gir meg perspektiv på faget og inspirasjon til å være kristen sjukepleier.